



Notat

Dato: 20.03.2015

Arkivsak: 2015/76-2

Saksbehandlar: torklin

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oversyn over kva Hordaland fylkeskommune har fått til i høve til sykkel

Til fylkesutvalsmøtet den 19.02.15 hadde representanten Mona Hellesnes sendt inn tre spørsmål i høve til sykkelandel, status for utbygging av samanhengande gang- og sykkeltilbod og planlagde sykkeltiltak.

Det vart svart på spørsmåla, og som oppfylgjingsspørsmål bad Mona Hellesnes om å få oversyn over kva Hordaland fylkeskommune har fått til.

Fylkesrådmannen vel her her å legga fram eit oversyn over gjennomførte infrastruktur- og sykkelparkeringsprosjekt for **fireårsperioden 2011-2014**.

Gjennomførte infrastrukturprosjekt i perioden 2011-2014:

2011 Bergen

- Agnes Mowinckelsgt - Fløenstien, kryssing av Fjøsangerv, 200 m sykkelveg med fortau, 8 mill. kr.
- Fv 558 Hetlevikstraumen - Haakonsvernveien, 1,4 km gang- og sykkelveg, 11,5 mill. kr.
- Florida - Nygårdstangen (Nonnestien), nytt forbetra dekke, 0,7 mill. kr.
- Dolvik - Sandeide (del av ringveg vest, sluttoppgjer ikkje avklårt) 1,9 km.
- Diverse gang- og sykkeltiltak i samband med utbygging av Bybanen første byggetrinn.

2011 Utanfor Bergen

- Fv 555 Eide – Vorland. 3,2 km gang- og sykkelveg, 41 mill. kr.
- Fv 567 Hauge – Lonevåg. 0,8 km gang- og sykkelveg, 246,8 mill. kr. (inkl. vegtiltak.)
- Fv 564 Dalstø – Mjåtvæit. 2,2 km gang- og sykkelveg, 35,2 mill. kr.
- Fv 34 Skånevik ferjekai – idrottlassen. 1 km gang- og sykkelveg, 24,1 mill. kr.
- Fv 541 Stokkabekken – Rubbestadneset. 0,4 km gang- og sykkelveg, 15 mill. kr.
- Fv 562 Fauskanger. 595 m gang- og sykkelveg, 2,8 mill. kr.

2012 Bergen

- Solheimsgaten, sør for Michael Krohnsgate. 0,3 km gang- og sykkelveg, 9,7 mill. kr.
- Sykkelfelt Loddefjorddalen. 1,4 km, 15 mill. kr.
- Sklisikkert dekke, Nordåsstraumen bru, 2 mill. kr.
- Osbanen frå Lundhaugvegen til Nesttunbrekka samt trase langs Apeltunvannet, 0,6 km gang- og sykkelveg. 21,5 mill. (Inkludert bru over Fanaveien ved Fana blikk.)

2012 Utanfor Bergen

- Fv 542, gang- og sykkelveg Hollundsdalen – Stokkabekken. 1,5 km, 72,3 mill. kr. (Bømlopakken, kostnad inkluderer veggtiltak.)
- Fv 563 Florvåg – Erdal, 2,3 km, 43 mill. kr.
- Fv 125 Holmfjord – Holsund. Etablering av 0,35 km gang- og sykkelveg ved skulen. 5,7 mill. kr.
- Fv 34 Skånevik kai - idrettsplassen. Etablering av 1 km gang- og sykkelveg. 24,1 mill. kr.

2013 Bergen

- Fv 585 Birkelundsbakken, 0,2 km ny gang- og sykkelveg, 29 mill. kr.
- Ny gang og sykkelbru over Fanaveien, ved Fana Blikk. 0,38 km. (Kostnad er inkludert Osbanetraseen i 2012.)
- Skilting og oppmerking i sentrale strok 0,4 mill. kr.
- Diverse gang- og sykkeltiltak i samband med utbygging av Bybanen første byggetrinn.

2013 Utanfor Bergen

- Etablering av 500 m gang- og sykkeltiltak på Fv 57 Konglevoll, Lindås. 30,7 mill. kr.
- Gang- og sykkeltiltak på Fv 544 Tofte – Ranavik, 2,8 km, 27,3 mill. kr.
- Gang- og sykkeltiltak på Fv 14 Stavland – Bjødledalen, 1,25 km, 41 mill. kr. (Bømlopakken, kostnad inkluderer veggtiltak.)
- Fv 567 Valestrandfossen-Kringastemma, etablering av gang- og sykkelveg. 0,6 km, 10 mill. kr.

2014 Bergen

- Etablering av 180 m sykkelfelt og 450 m sykkelveg med fortau i Fv 256 Lars Hillesgt. 23 mill. kr.
- Etablering av 1,4 km gang- og sykkeltiltak i Fv 183 Totlandsveien, 70 mill (sluttoppgjer ikkje avklårt).

2014 Utanfor Bergen

- Fv 49 Vikøy – Norheimsund, 2,7 km ny gang og sykkelveg. (Kvammapakken, sluttoppgjer ikkje avklårt.)
- Fv 415 Lindås barneskule etablering av 0,2 km gang- og sykkelveg. 4,2 mill. kr.
- Fv 541 Stokkabekken – Rubbestadneset, 1,6 km gang- og sykkeltiltak, 154 mill. kr. (Bømlopakken, kostnad inkluderer veggtiltak.)
- Fv 563 Florvåg - Erdal (Bakarvågen), 0,85 km gang- og sykkeltiltak, (Askøypakken, sluttoppgjer ikkje avklårt.)

Dei fleste tiltaka utanfor Bergen er større prosjekt med ny veg, tunnel, bru etc. I desse tilfellene er kostnadane knytt til heile prosjektet - ikkje til gang- og sykkelvegane aleine.

Utover desse gjennomførte prosjekta finst det ei rekke andre infrastrukturprosjekt som no er under arbeid: Kanalveien, Fabrikkgaten, Wergeland, Kringsjåveien, Fyllingsdalen, Hjellestadveien, Salhusveien, Fv 7 og Fv 48 gang- og sykkelveg langs Frølandsvatnet, (i samband med Tyssetunellen), Fv 49 Uggdal-Uggdalseidet, Fv 122 Venjaneset – Strandvik.

Gjennomførte sykkelparkeringsprosjekt i perioden 2011-2014:

- Sikker sykkelparkering Bergen buss-stasjon (2013), 148 plassar.
- Sikker sykkelparkering Nesttun (2011), 16 plassar.
- Sykkelparkering Knarvik kai (2014) 10 plassar under tak.
- Sykkelparkering Frekhaug kai (2014) 10 plassar under tak.
- Sykkelparkering Flatøy terminal (2014) 10 plassar under tak.
- Opprusting Storavatnet terminal med sykkelparkering (2012), 10 plassar under tak.
- Sykkelparkering ved Åsane terminal (2012), 20 plassar under tak.

Driftskontraktar

Det er utforma nye driftskontraktar med forsterka drift og reinhald på hovudrutenettet. Til dømes skal strekningar som Fjøsanger-sentrum og sentrum-Åsane kostast kvar måndag morgon og ha bar veg heile året.

Andre tiltak retta mot sykkel

- Automatiske sykkelteljarar inn mot sentrum (ved gml Nygårdsbro og Åsaneveien)
Etablert i 2014, 1 mill. kr.
- Gjennomføring av den årlege mobilitetsveka.
- Årlege sykkelinspeksjonar.
- Underskriving av sykkelbyavtalar for Stord og Bergen (2013).
- Tiltaket «Prøvekjør», for å fremja el-sykling, vart i 2014 gjennomført i samarbeid med Naturvernforbundet.